



IMS sitt årsmøte 2024

24.05.2025 i Øystese

Sak 10 – Medverknad og synleggjering

IMS-styret ønskjer å styrkja moglegheita for medverking i årsmøtet ved å ta i bruk ei enkel, digital løysing der alle kan delta aktivt. Målet er å synleggjera det me står saman om i trua, og gje fleire høve til å ytra seg om sentrale spørsmål i IMS sitt arbeid og grunnlag. I ei tid med mange røyster er det viktig at me i fellesskap står forankra i Guds ord og er frimodige i trua. I denne saka skal det vere lett å delta – og alle får høve til å seia si meining. Me ønskjer di medverking, og vil synleggjera mykje av det flotte arbeidet som skjer i IMS til Guds ære.